



Status, mål og tiltak for
det levande landbruket i
Tokke

LANDBRUKSPLAN

2023 – 2026, Tokke kommune

Innhold

1.	Innleiing	4
1.1	Kva skal planen vere	4
1.2	Kopling til andre planar	4
1.2.1	Kommuneplanens samfunnsdel	4
1.2.2	Kommuneplanens arealdel	5
1.2.3	Klimaplan for Vest-Telemark	5
1.2.4	Andre planar og rettleiarar	6
1.3	Arbeidet med planen	6
2.	Ressursgrunnlag og nøkkeltal for Tokke kommune	7
2.1	Jordbruk	7
2.1.1	Utvikling i jordbruksføretak	7
2.1.2	Husdyr	7
2.1.3	Jordbruksareal	9
2.1.3	Dyrkbar jord og nydyrkingar	10
2.1.4	Beitebruk	10
2.1.5	Areal ute av drift	11
2.2	Skogbruk	11
2.2.1	Produktiv skog	11
2.2.2	Avverking	11
2.2.3	Landbruksvegar	11
2.3	Jakt/fiske/utmark	12
2.4	Verdiskaping og sysselsetjing	12
2.5	Ringverknadar av landbruket	13
2.5.1	Busettingsmønster	13
2.5.2	Kulturlandskapsverdiar og reiseliv	13
3.	Visjon og mål for Tokke-landbruket	14
3.1	Visjon	14
3.2	Hovudmål	14
4.	Korleis nå måla i planen – delmål og tiltak	15
4.1	Delmål: Kompetanseutvikling i landbruket	15
4.2	Delmål: Sikre busetjing	15
4.3	Delmål: Sikre rekruttering til alle produksjonar	15
4.4	Delmål: Ta vare på kulturlandskapet og halde jordbruksareal i drift	16
4.5	Delmål: Betre ressursutnytting	16
4.5.1	Utmarksressursar	16
4.5.2	Klimatiske tilhøve	17
4.6	Delmål: Auka fokus på klima- og miljøtiltak i landbruket	17

4.6.1	Utnytting av husdyrgjødsel	17
4.6.2	Bruk av slam	17
4.6.3	Landbruksplast	17
4.6.4	Drenering	17
4.6.5	SMIL, NMSK og RMP	17
4.6.6	Skog	17
4.7	Delmål: auka fokus på framtidsskogen	17
4.8	Delmål: Utnytting av jakt- og fiskeressursar	18
5.	Verkemiddel i landbruksplan	19
5.1	Evaluering av den førre planen	19
5.2	Tilskot etter landbruksplan	19
5.2.1	Føremål det kan gjevast tilskot til (ikkje prioritert rekkjefølgje)	19
5.2.2	Generelle vilkår for tilskot	19
6.	Kjelder	21

1. Innleiing

1.1 Kva skal planen vere

Landbruksplanen skal legge til rette for målretta politisk og administrativt arbeid innanfor landbruksområdet og bruk av økonomiske ressursar.

Landbruksplanen skal vere ein strategi og eit viktig styringsverktøy for politisk og administrativt arbeid.

Landbruksplanen skal innehalde retningsliner for landbruket i Tokke. Den skal synleggjere rolla landbruket har i Tokke, og kva verdiar som skapast. Det er eit nyttig styringsverktøy for satsingsområde innanfor landbruk, utarbeiding av strategiar for prioritering og bruk av kommunale tilskotsmidlar, samt visjonar og mål for kva landbruket skal vere i Tokke.

Landbruksplanen skal vere i tråd med globale og nasjonale føringar og mål, som FNs berekraftsmål og Hurdalsplattforma. Vi må derfor, også lokalt, legge til rette for eit meir berekraftig landbruk, ha fokus på jordvern og stimulere til levande grender og auka lønsemd i landbruket.

«Klimagassutsleppa frå landbruket skal reduserast og opptaket av karbon aukast, samstundes som vi aukar sjølvforsyninga og tilpassar produksjonen til eit endra og vanskelegare klima. Ein variert bruksstruktur som er tilpassa Noreg sine naturressursar og geografi, gir dei beste moglegheitene til å produsere mat på ein berekraftig og klimavennleg måte.»

Hurdalsplattforma 2021 – 2025

1.2 Kopling til andre planar

1.2.1 Kommuneplanens samfunnsdel

Hovudmål for Tokke:

«Kraft, kompetanse, kultur, landbruk og natur er grunnlaget for vekst og utvikling av Tokke»

Delmål:

«Landbruket i Tokke er ei viktig næring som skal ivaretakast og gjevast høve til utvikling»

Strategi/ tiltak:

- Styrke kompetansen i landbruket gjennom regionalt samarbeid og styrka ressursar til rådgjeving.
- Vere positive til, og leggje til rette for nye næringar og driftsformer i landbruket.
- Tokke skal vere aktive i arbeidet med å halde oppe kulturlandskapet i heile kommunen, gjennom økonomiske verkemiddel og beitebruk
- Arbeide for å sikre rekruttering og å legge til rette for tilleggsnæringar.
- Leggje til rette for auka busetnad på landbrukseigedomar med støtteordningar og buplikt.

1.2.2 Kommuneplanens arealdel

I LNF-områda kan det ikkje gjevast løyve til andre tiltak enn dei som er knytt til stadbunden næring (tradisjonelt landbruk).

1.2.3 Klimaplan for Vest-Telemark

Det skal jobbast aktivt i Tokke for å bidrage til å nå måla i klimaplan. Nedanfor visast mål, tiltak og ansvar i plan.

Jordbruk

MÅL: Auka verdiskaping og berekraftig jordbruk.

TILTAK OG ANSVAR:

- Etablere eit fleirårig tverrkommunalt prosjekt i regi av Vest-Telemarkrådet og landbruksforvaltinga i Vest-Telemarkkommunane: for å rettleie og bistå gardbrukarar til mellom anna å:
 - forbetre agronomisk praksis som gjev lågare klimagassutslepp (døme: endra jordarbeiding, betre drenering, grøfting, hindre jordpakking).
 - oppnå klimavenleg føring av husdyr, spesielt drøvtyggarar, gjennom kompetansetiltak knytt til tydinga av grovførkvalitet ved bruk av beite og optimal førsamansetting.
 - ta i bruk ny teknologi som gjev lågare klimafotavtrykk (døme: gjødslingsteknologi, presisjonslandbruk, biogassproduksjon, robotar/dronar osv.).
 - satse på klimavenlege driftsformer, oppretthalde og om naudsynt auke avlings- og produksjonsnivået for å redusere import av jordbruksvarer.
 - auke dekar godt drenert jord (også leigejord) ved å oppretthalde og styrke planleggings- og rådgjevings-tilbodet om drenering.
 - ta i bruk utmarksbeite i område med tilgjengelege ressursar.
 - organisere jordleigeforhold som gjev minst mogleg transport.
 - bruke drivstoff med lågt klimafotavtrykk på landbruksmaskiner.
 - gjennomføre energieffektivisering av bygningsmassen i landbruket.
 - arrangere kurs i energieffektiv køyring av landbruksmaskiner.
- Arealbruksplanar som inkluderer beitebruksplanar. Ansvarlege: kommunane
- Utsette slått av vegkantar på kommunale vegar for å ta vare på det biologiske mangfaldet. Ansvarlege: kommunane
- Landbruksforvaltinga og organisasjonane i landbruket skal stimulere og informere om dyrking av frukt og grønt ved samarbeid mellom produsentar, landbruksrådgjevinga og verkemiddelapparatet.
- Landbruksforvaltinga og organisasjonane skal stimulere til auka produksjon og sal av lokalmat i Vest-Telemark.
- Gjennomføre informasjons- og haldningstiltak for å auke gjenvinning av plast frå landbruket. Ansvarlege: kommunane og renovasjonsselskapa.
- Landbruket er sjølv ein stor byggherre, og bør ha som målsetjing å bygge med fornybare materialar.

Skogbruk

MÅL: Minimere avskoging og auke det totale opptaket av klimagassar

TILTAK OG ANSVAR:

- Betre oppfølging av foryngingsplikta, og auka fokus på rådgjeving kring skogskjøtsel. Ansvarlege: kommunane
- Følgje opp etterslepet på manglande utført ungskogpleie. Ansvarlege: kommunane og AT Skog
- Avgrense utbygging på skogareal, med særleg vekt på skog med høg bonitet. Ansvarlege: kommunane
- Rettleie skogeigarar til å drive stadtilpassa skogplanting, mellom anna ved tilpassa treslag til bonitet og bytte treslag på rotemark. Ansvarlege: kommunane
- Ta vare på store samanhengande skog- og utmarksområde i tillegg til jordbruksareal og berekraftig dyrkbar jord i planprosessar. Ansvarlege: kommunane

1.2.4 Andre planar og rettleiarar

Tokke kommune utarbeider for tida også næringsplan, gjerderettleiar og sti- og løypeplan. Desse vil vere aktuelle for landbruket.

1.3 Arbeidet med planen

Forslag til prosess (jf. Plan- og bygningslova):

Avklaring av rammer (sak 19/6 UTU 13.11.19)

Kunngjering av oppstart, med høve for innspel

Møte med faglag

Utarbeiding av ny/revidert plan

Framlegging av utkast til politisk handsaming (LMT og Formannskap)

Høyring/ offentlig ettersyn

Vurdering av innkomne uttaler og framlegg til endeleg plan

Slutthandsaming (LMT, Formannskap og Kommunestyret)

2. Ressursgrunnlag og nøkkeltal for Tokke kommune

2.1 Jordbruk

2.1.1 Utvikling i jordbruksføretak

Jordbruket er ein viktig del av næringslivet i Tokke, og skapar både arbeidsplassar, aktivitet i grendene, og ikkje minst eit vakkert og tilgjengeleg kulturlandskap for innbyggjarar og tilreisande. Likevel ser vi, både nasjonalt og i Tokke, at det er krevjande å vere gardbrukar. I figur 1 ser ein utviklinga i talet på jordbruksføretak som søker produksjonstilskot i Tokke. Vi ser ein tydeleg nedgang i eit lengre perspektiv, men talet har heldt seg nokså stabilt dei 6 siste åra.

Det er likevel grunn til optimisme i Tokke-jordbruket. Vi har hatt mange generasjonsskifte på gardar i drift dei siste åra, og fleire satsar vidare etter førre generasjon. Det er dei siste åra også investert fleire millionar i oppgraderingar og nye driftsbygningar. Det er gjeve tilskot både etter landbruksplan og frå Innovasjon Norge i slike prosjekt.




Figur 1 Utvikling i tal på jordbruksføretak som søker produksjonstilskot i Tokke

I tillegg ser vi, sjølv om det er vanskeleg å talfeste, at talet på såkalla «hobbyføretak» aukar. Dette kan vere privatpersonar som stort sett produserer kjøtt, egg og grønsaker til eige bruk, eller som har nokre husdyr til landskapspleie. Nokre av desse sel produkt gjennom REKO-ring eller andre kanalar. Denne type drift og utvikling er også kjærkomen, og viktig å taka vare på og legge til rette for. Det gjev eit større mangfald i landbruket, det tek i bruk areal som er i ferd med å gro att, gjev auka og variert matproduksjon, og det viser moglegheitene vi har i av ressursar i kommunen.

2.1.2. Husdyr

Husdyrproduksjon er sjølve berebjelken i Tokke-landbruket. Det er husdyra som utnyttar jordbruksareal og utmark, og som pleier og held kulturlandskapet ope og tilgjengeleg.


Dei siste 20 åra har også talet på føretak med husdyr vorte redusert, men har dei siste åra stabilisert seg. I 2008 dreiv 69 føretak med husdyr. I 2016 var talet 44. I 2020 var det 42 jordbruksføretak med husdyr i Tokke. I 2021 og 2022 var dette talet auka til 45.




Figur 2 Føretak og produksjonsdyr i Tokke 2021

Figur 3 og 4 nedanfor viser utvikling i dei største husdyrproduksjonane i Tokke. Alle tal er henta frå statistikkane frå Landbruksdirektoratet over føretak som har søkt produksjonstilskot i Tokke 2000-2021.

Tala for geit er mjølkegeit, medrekna ammegeit frå 2019, og vi ser at talet aukar gradvis, i hovudsak er det talet på ammegeit som aukar, medan talet på mjølkegeiter held seg stabilt. Det same ser vi for ammekyr. Vi har fått fleire som driv med ammekyr i kommunen dei siste 20 åra, samstundes som at dei også investerer og aukar besetningane. For sau og også tildels mjølkekyr er tala annleis. Tokke er ein av Telemarks største sauekommunar, og har vore det i mange år. Dessverre går sauetalet har gradvis ned og frå 2018 til 2019 hadde vi ein betydeleg reduksjon i talet på vinterføra sau i Tokke. Dette kan ha samanheng med den alvorlege tørkesommaren i 2018. Etter 2018 har vi likevel fått ei lita auke i talet på sau.



Figur 3 Utvikling i tal på ammekyr, mjølkekyr og mjølkegeit i Tokke




Figur 4 Utvikling i tal på vinterfôra sau i Tokke

2.1.3 Jordbruksareal

I Tokke er det 13 301 dekar jordbruksareal (tal frå 2021), noko som utgjør omlag 1,4 prosent av landarealet i kommunen. I Tokke vert 76,6 prosent av jordbruksarealet som er i drift bruka til hausting av grovfôr. Resten er nytt til innmarksbeite.

Figur 5 under viser korleis utviklinga har vore i tal dekar som kvart jordbruksføretak disponerer i snitt. Denne utviklinga er interessant fordi den viser kor omfattande kulturlandskapspleie den enkelte gardbrukar driv med. Bak tala ligg den store innsatsen som vert lagt ned i gjerding, gjødsling, transport av dyr og maskiner, hausting og ivaretaking av eigd og leigd jordbruksareal.



Figur 5 Utvikling i tal på føretak og storleiken på areal føretaka disponerer

2.1.3 Dyrkbar jord og nydyrkingar

Dyrkbar jord fordelt på arealtyper	Dekar	%
Overflatedyrka jord	336	7,4
Innmarksbeite	419	9,2
Skog	1 707	37,6
Åpen fastmark	196	4,3
Myr	1 887	41,5
Sum	4 545	100

Kilde: Dyrkbar jord, årsversjon 2021, NIBIO


Figur 6 Dyrkbar jord fordelt på arealtyper

I Tokke er 4546 da kartlagt som dyrkbar jord. Tabellen under viser dyrkbar jord fordelt på arealtyper. Det er i hovudsak skog og myr som er dyrkbart i Tokke.

Sidan 2019 har Tokke kommune gjeve tilskot til nydyrking. Etter denne ordninga vart vedteken har nydyrkingsprosjekta skote fart, og det er godkjent planar for nydyrking for opptil 292 da for ulike jordbruksføretak i Tokke. Det er i hovudsak skog som vert dyrka opp hjå jordbruksføretak som har husdyr, og som har trong for gode jordbruksareal.

2.1.4 Beitebruk

God utnytting av beiteressursar er svært viktig både for å drive berekraftig matproduksjon på lokale ressursar, halde kulturlandskap ope og tilgjengeleg og hindre attgroing. I Tokke har vi store utmarksressursar som både vert nytt av husdyrprodusentar i Tokke, nabokommunar og beitelagsmedlem frå andre stader i Sør-Noreg. Tal frå ordninga organisert beitebruk (OBB) viser at kvart år vert over 6000 sau og lam sleppt på utmarksbeite i Tokke. Det burde vere høgt prioritert å stimulere til at dagens beitebruk vert opprettheldt, ikkje berre for å sikre eit aktivt jordbruk, men også for reiseliv og som eit viktig klimatiltak, jf. Klimaplan.



Figur 7 utvikling i tal på sau og lam på utmarksbeite i Tokke

2.1.5 Areal ute av drift

I 2020 og 2021 hadde kommunane i Vestfold og Telemark eit omfattande prosjekt for å kartleggje areal ute av drift. Utgangspunktet var arealstatistikken frå NIBIO og dei areala som det ikkje var søkt arealtilskot på i åra før. Grunnlaget til NIBIO viste at heile 17,2 % av all dyrka mark og innmarksbeiter som fanst i Tokke var ute av drift. I Tokke var ikkje stoda så negativ som dei fyste statistikkane til NIBIO viste. Etter kartleggingane i kommunen viste dette talet seg å vere 8,5 %. I hovudsak er dette innmarksbeiter ute av drift på landbrukseigedomar der eigar berre driv grovfôrproduksjon, eller der dyrka mark er bortleigd og lite trong for innmarksbeiter.

2.2 Skogbruk

2.2.1 Produktiv skog

I fylgje NIBIO er det 528 000 dekar skog i Tokke. Av dette er 335 000 dekar definert som produktiv skog. Definisjonen på skog er eit større område dekt av tre høgare enn 5 meter som står så tett at det verkar inn på lokalklimaet. Produktiv skog er skog som produserer meir enn 0,1 kubikk tømmer pr. dekar pr. år. Økonomisk drivverdig skog er produktiv skog det er lønsamt å avverke. Faktorar som spelar inn på lønsamheten er tømmerpris, køyreavstand, volum pr. dekar og kvalitet på driftsvegnettet.

Produksjonsevna til skogen blir klassifisera i eit bonitetssystem som kallast H-40 systemet. Bonitet skrivast med ein bokstav før eit tal, til dømes F8, B17, G20. Der bokstaven definerer det dominerande treslaget (F= furu, B= lauv og G= grån), og talet definerer den optimale høgda på skogen ved 40 års brysthøgdealder dersom den får utvikle seg fritt. Brysthøgdealder er alderen ein finn ved å telje årringane på eit tre 1,3 meter over bakken.

2.2.2 Avverking

Forsiktig anslag for Tokke syner eit økonomisk drivverdig areal på 230 000 dekar. Då er areal som er bandlagt anten ved vern eller miljøregistrering, og produktiv skog som ikkje gjev økonomisk gevinst utelatt. Om ein reknar ein middelproduksjon på dette arealet på 0,25 kubikk pr. dekar pr. år, tilsvarar dette eit avverkingspotensiale på 57 500 kubikk pr. år i Tokke. Sidan det er mykje granmark i kommunen, og grana ikkje toler klimaendringane i like stor grad som furu, oppmodar ein skogeigerane til å hogge gamal gran før den tørkar på rot.

2.2.3 Landbruksveggar

Landbruksveg blir klassifisera frå klasse 3 (heilårsveg ein kan køyre tømmerbil med hengar) til klasse 8 (enkel traktorveg med minimum breidde på 2,5 meter).

Arealtype	Dekar	%
Jordbruksareal ▲		
Fulldyrka	7 802	0,8
Overflatedyrka	1 656	0,2
Innmarksbeite	3 843	0,4
Skog ▲		
Produktiv skog	335 194	34
Uproduktiv skog	192 771	19,6
Bebygginge/samferdsel	6 071	0,6
Annet markslag ▲		
Åpen fastmark	130 709	13,3
Myr, åpen eller med skog	35 463	3,6
Ferskvann	83 204	8,5
Ikke kartlagt ▲		
Skog, uklassifisert	24 969	2,5
Snaumark	160 536	16,3
Ferskvann	658	0,1
Annet areal	1 707	0,2
Sum	984 583	100

Kilde: Arealressurskart AR5, årsversjon 2021, NIBIO

Det er eit relativt godt utbygd bilvegnett i kommunen. Nokre av vegane har utfordringar i forhold til bering og kurvatur etter dei nye normalane for landbruksveg. Tømmerbilane blir større og lengre, og mykje av vegane er laga på ei tid då krava ikkje var så strenge. Vegar som blei bygd for 40 år sidan som klasse 3 veg held ofte ikkje krava i dag.

2.3 Jakt/fiske/utmark


I 2022 er det tildela 204 elg og 220 hjort. Rådyr er i praksis fri kvote. Tildeling av reinsdyr ligg ikkje til kommunen. Tokke kommune har abonnement hos inatur.no der grunneigerar i kommunen kan legge ut sal av fiskekort på sine respektive eigedomar. Det syner seg at innføring av fiskekort aukar fisket i vatna. Det er betydelege ressursar i utmarka i Tokke som ikkje blir utnytta. Småviltjakt er populært og ved til dømes sal av dagskort kan ein sjølv regulere dei dagane ein evt ikkje ynskjer jakt på eigedomen sin.

2.4 Verdiskaping og sysselsetjing

Landbruket er ei sentral næring i Tokke, både når det gjeld økonomisk verdiskaping og sysselsetjing. Tokke har eit variert småskala-landbruk der dei fleste hentar hovudinntekta utanom garden, medan andre er heiltidsbønder. Tala som vert presentert i dette avsnittet er henta frå 2015 og 2018. Sjølv om tala er utdaterte, gjev det likevel ein peikepinn på kor viktig landbruket er innanfor verdiskaping og sysselsetjing.

I fylgje tal frå NIBIO er den samla verdiskapinga frå Tokke-jordbruket rekna til 14,8 mill. i 2015. Produksjonsinntektene er ein viktig del av verdiskapinga, og utgjør verdien av varer og tenestar som er produsert i løpet av året, inkl. offentlege tilskot. I 2015 var denne produksjonsinntekta på kr. 30 mill., der 45 % av inntekta kom frå marknaden, medan ca. 55 % kom frå tilskot.

I framstillinga under visast verdiskapinga frå dei ulike produksjonane i Tokke. Ein ser at det er verdiskaping frå sauehaldet som dominerer i vår kommune, på kr 9 mill. i bruttoprodukt.



Verdiskaping per produksjon mill. kroner	
Melk, ku	2,76
Melk, geit	1,41
Ammeku	1,41
Sau	9,05
Svin	0,0
Egg og fjørfe	0,0
Planteproduksjon	0,0
Annet	0,13
Sum	14,77

Kilde: NIBIO rapport, tall fra 2015

Figur 8 Verdiskaping i Tokke-jordbruket

Det vert utført ca. 48 årsverk knytt til jordbruket i Tokke. 34 % kjem frå sauehald, 6,8 % frå mjølkeproduksjon på ku, 3,8 % frå ammekyr og 2,8 % frå geitemjølksproduksjon i fylgje tal frå 2015.

Dei seiste åra har avverkinga i Tokke vore mellom 25 000 m³ og 35 000m³. Snitt for seiste 8 åra er omlag 30 000 m³. Snittprisen pr. kubikk for tømmer levera i Tokke i perioden 2016 til fyrste kvartal 2022 har auka frå kr 299,- til kr 486,-. Bruttoverdien av alt tømmer levera frå skogeigerar i 2021 var 13,5 millionar kroner. Avverkinga i Tokke sysselset eitt driftslag årleg.

Ei utsett plante kostar om lag 8 kroner pr. stk. Det betyr at for kvar kubikk tømmer som blir hogge blir det planta for omlag 25,- kroner. Ved 60 000 planter årleg utgjer dette ein kostnad på 1,5 millionar kroner. Prisen for å utføre ungsogpleie ligg opp mot 700,- kroner pr. dekar. Planting og ungsogpleie blir utført både av skogeigerar sjølv og av AT-skog.

Skogeigerane i Tokke er flinke til å plante. Det blir sett ut omlag 3 planter pr. kubikk som blir hogge.

I vår kommune var totalt 57 personar sysselsett i primærnæringa (jord-, skog og utmarksnæring) i 2018. Dette utgjer 6,1 % av total sysselsetjing i vår kommune. Til samanlikning er 1,74 % sysselsett i primærnæringa i Vestfold og Telemark.

Mange som driv jord og skog, driv også tilleggsnæring, som t.d. leigekøyning, brøyting, ved og jaktutleige. Tal frå 2015 viser at verdiskaping frå tilleggsnæringar utgjer 3,7 mill. i bruttoprodukt for Tokke. Landbruket er viktig også for anna næringsliv i kommunen, både for handverkarar, ulike serviceyrke, sal av maskiner/utstyr og transport. Slik skaparlandbruket også viktige ringverknadar til næringslivet eller i kommunen og regionen.

2.5 Ringverknadar av landbruket

2.5.1 Busettingsmønster

Folk bur spreitt i kommunen vår, og vi har mange grender og lokalsamfunn der jord- og skogbruk står sterkt. Landbruket bidreg derfor også til levande bygder og bumiljø. I fylgje SSB (2020) finst det 334 landbrukseigedomar med bustadhus i Tokke. Av desse er 226 busette. Av 2201 Tokke-buarar i 2020, budde 619 av dei på landbrukseigedomar. Dette utgjer 28 %. I 2009 budde 32 % av kommunens innbyggjarar på landbrukseigedom.

2.5.2 Kulturlandskapsverdiar og reiseliv

Bøndene og eigarar av landbrukseigedomar held kulturlandskapet ope og tilgjengeleg for både fastbuande og tilreisande. Eit synleg, ope og tilgjengeleg kulturlandskap er soleis viktig i reiselivssamanheng. Reiselivet er i medvind i Tokke, og mange kjem hit for å oppleve og bruke naturen. Dei store utmarksressursane som finst og vert utnytta i jordbruks-samanheng er også viktig for eit naturbasert reiseliv. Beitedyra held utmark og heiområda opne, til stor glede for dei turglade- både lokale og tilreisande. Mange landbrukseigedomar i Tokke er også viktige kulturmiljø. Dei har gjerne eitt eller fleire kulturminner, slik som freda og verneverdige bygningar. Dette er også ein del av kulturlandskap som reiselivet nyt godt av.

3. Visjon og mål for Tokke-landbruket

3.1 Visjon

«eit variert, nytenkande og berekraftig landbruk basert på lokale ressursar»

3.2 Hovudmål

Auke lønsemd, rekruttering og utnytting av lokale ressursar i landbruket.

Halde kulturlandskapet ope og sikre busetjing og drift på gardar og i grender.

Oppretthalde og utvikle talet på husdyr og mjølkeprodusentar, og legge til rette satsing og aktivitet.

4. Korleis nå måla i planen – delmål og tiltak

4.1 Delmål: Kompetanseutvikling i landbruket

I kommuneplanens samfunnsdel kap. 5.2.3 står det at ein skal: «*styrke kompetansen i landbruket gjennom regionalt samarbeid og styrka ressursar til rådgjeving*».

Kommunen har eit stort ansvar i å halde seg oppdatert og formidle kunnskap ut mot landbruket. Vi må også vere lydhøyre og ta til oss kunnskap frå næringa. God dialog med primærnæringa og øvre forvaltning er derfor avgjerande. Eit godt fagleg miljø og samarbeid mellom kommunen og andre rådgjevartenester er også viktig for å gje landbruket eit best mogleg fagleg tilbod. Dette gjev kommunen, bønder og skogeigarar oppdatert og nyttig kunnskap i drifta si, som igjen aukar lønsemd, interesse og eit framtidretta landbruk.

Like viktig er kanskje dei lokale faglaga som blant ana Tokke sau og geit, produsentlag, bondeorganisasjonane og skogeigarlag. Desse gjev næringa eit fellesskap og tilhøyre, viktig kunnskapsutveksling og eit sosialt nettverk.

Tiltak: Landbrukskontoret skal ha dialog med, og vise vidare til eksterne kunnskapsmiljø til nytte for næringa. Tokke kommune skal saman med næringa sjølv, lokale faglag og rådgjevingstenester legge til rette for fagleg oppdatering, kunnskaps- og erfaringsutveksling. Vidare skal landsbrukskontoret orientere om tilskotsordningar, fristar, kurs og informasjon. Landbrukskontoret skal også rettleie og ha god dialog med gard- og skogbrukarar.

Viktige rettleiingstilbod finst i samvirkeorganisasjonane, Norsk Landbruksrådgjeving Østafjells, Innovasjon Norge, Landbrukstjenester Telemark, AT Skog, Statsforvaltar og Fylkeskommune.

Kompetanseutvikling i næringa er viktig, men like viktig er det å auke kunnskap om matproduksjon ut mot forbrukar og andre som ynskjer å lære. Dette er også eit ledd i rekrutteringsarbeidet til næringa og kan få andre til å starte opp landbruksnæring.

Tiltak: Saman med lokallag, grendelag og faglag skal Tokke kommune legge til rette for møteplassar for læring, erfaringsutveksling og allsidig matproduksjon i Tokke, som t.d. marknadshagar, «bygdekjøkken», besøksgard for born og unge og andelsjordbruk.

4.2 Delmål: Sikre busetjing

I kommuneplanens samfunnsdel kap. 5.2.3 står det at ein skal: «*Leggje til rette for auka busetnad på landbrukseigedomar med støtteordningar og buplikt*».

Tiltak: Tokke kommune skal både legge til rette for, og ikkje minst sikre busetjing på landbrukseigedomar. Dette er eit viktig fokusområde for å skape aktivitet, trivsel og gode bumiljø i bygdene. Tokke kommune skal rettleie seljar og kjøpar i eigedomsoverdragingar. Det skal leggest til rette for vidareføring av Småbruksprosjekt (eller tilsvarande), og marknadsføring av gardsbruk for sal. Ein skal også marknadsføre stimuleringsordninga til sal av tome gardbruk. Vidare skal den restriktive haldninga til buplikt gjenspeglast i handsaminga av konsesjonssaker og busettingsomsynet skal vegast tungt.

4.3 Delmål: Sikre rekruttering til alle produksjonar

I kommuneplanens samfunnsdel kap. 5.2.3 står det at ein skal: «*Arbeide for å sikre rekruttering og å leggje til rette for tilleggsnæringar*».

Tokke kommune skal både stimulere til at jordbruksføretaka held fram, at det skal vere attraktivt for neste generasjon å drive vidare eller for nye å starte opp. Vidare er husdyrproduksjon sjølve berebjelken i jordbruket i Tokke. Vi skal jobbe aktivt for å oppretthalde og utvikle dyretalet i kommunen. Vi skal ha fokus på mjølkeproduksjon og rekruttering til denne produksjonen, og stimulere til å behalde mest mogleg kvote i kommunen.

Sauehaldet står for ein betydeleg del av verdiskaping og sysselsetjing. Vi skal legge til rette for at denne næringa kan drive vidare ved å sikre god arealforvaltning og dialog med andre interesser i viktige beiteområde

Tiltak: styrke tilskotsordningane etter landbruksplan, blant anna innføre ordning med tilskot til generasjonsskifte. Marknadsføre og rettleie brukarane kva velferdsordningar som finst i jordbruket. Sikre godt samhald og sosiale nettverk for næringa, saman med lokale faglag og rådgjevingstilbod..

4.4 Delmål: Ta vare på kulturlandskapet og halde jordbruksareal i drift

God arealforvaltning er avgjerande for eit godt produksjonsgrunnlag og kulturlandskapet. I kommuneplanens samfunnsdel kap. 5.2.3 star det: *Tokke skal vere aktive i arbeidet med å halde oppe kulturlandskapet i heile kommunen, gjennom økonomiske verkemiddel og beitebruk.*

Tiltak: Tokke kommune skal ha fokus på jordvern i alle arealplansaker og i delingssaker etter PBL og jordlov. Det skal stimulerast til nydyrking og sørgast for at nydyrking skjer etter søknad, i tråd med forskrift om nydyrking. Auka fokus på driveplikt og ta aktivt i bruk verktøya og resultatet i prosjektet «Areal ute av drift» for oppfylging av driveplikta.

Legge til rette for at beitebruk vert mindre arbeidskrevjande og meir lønsamt for bonden ved økonomisk stønad til ny gjerdeteknologi, t.d. Nofence

Ein skal ha fokus på og stimulere til aktivitet i lokalt viktige kulturlandskap i strategiane for bruk av SMIL-midlar og og regionalt miljøtilskot (RMP).

4.5 Delmål: Betre ressursutnytting

Tokke kommune har svært variert topografi og klima. Det må leggast til rette for at jordbruket utnyttar dei lokale ressursane – alt frå store utmarksressursar, til gode veksttilhøve i lågareliggende strøk.

4.5.1 Utmarksressursar

Halde oppe og sikre utmarksbeitene som ein viktig del av matproduksjonen

Tiltak: Legge til rette og stimulere til bruk av utmarksbeite gjennom egne og eksterne tilskotsordningar. Rettleie og ha god dialog med beitelag om utfordringar og løysingar. Ha klare retningslinjer og open dialog med hytteeigarar og velforeiningar i «pressområde». Utarbeide gjerderettleiar for hytter i utmark. Ta omsyn til beiteområde, beitedyr og beiteåtferd ved utarbeiding av reguleringsplanar. Marknadsføre tilskotsordninga «tilskot til tiltak i beitefelt» og utarbeide gode årlege strategi for bruk av midlane.

Visste du at?

- I 2021 vart det sleppt 6 275 sau og lam på utmarksbeite i Tokke.

- Tokke har 6 aktive beitelag med til saman 34 medlem.

- Tokke har i mange år vore Telemarks største sauekommune

4.5.2 Klimatiske tilhøve

Stimulere til utnytting av gode veksttilhøve for bær, frukt og grønt der det ligg til rette for det.

Tiltak: opprette ei økonomisk støtteordning for folk som ynskjer å etablere drift med bær- frukt- eller grønsaksdyrking. Kommunen skal legge til rette for kurs og fagdagar i samarbeid med andre rådgjevartenester og/eller nabokommunar.

4.6 Delmål: Auka fokus på klima- og miljøtiltak i landbruket

Landbruket har også ei viktig oppgåve i eit klimaperspektiv. I Tokke må vi aktivt auke fokus på dei mest aktuelle klimatiltaka.

4.6.1 Utnytting av husdyrgjødsel

Tiltak: Stimulere til å utnytte husdyrgjødsel på best mogleg måte, som t.d. tidleg spreiring i vekstsesongen, oppmuntre jordbruksføretak til å gå saman om kjøp/innleige av spreieutstyr. Godt samarbeid med eksterne rådgjevartenester for auka kunnskap om tilstanden på jordbruksjorda. Utlån av jordprøvetakingsutstyr og utleige av kalkvogn i kommunen.

4.6.2 Bruk av slam

Ta i bruk avlaupsslam som eit jordforbetringsmateriale. Viktig tiltak i sirkulærøkonomien og utnytting av lokale ressursar, og for å redusere kostnadar til kunstgjødsel og kalk. Tokke kommune skal ha dialog med leverandør av avlaupsslam og marknadsføre ordninga betre. Legge til rette for bruk av avlaupsslam.

4.6.3 Landbruksplast

Stimulere til at høgast mogleg del landbruksplast vert resirkulert. Dette tiltaket er også viktig for omdømmebygging.

Tiltak: årleg oppmoding om å rydde og levere landbruksplasten til godkjende mottak. God dialog med faglaga om eventuelle tiltak og tilskotsordningar for å betre innsamling og levering av plast. Fylgje opp meldingar om forsøpling i landbruket. Vurdere om innsamlingsordninga for landbruksplast er god nok og vere open for og legge til rette for faste innsamlingsstadar.

4.6.4 Drenering

Drenering er svært viktig både for å sikre gode avlingar og redusere avrenning og klimagassutslepp frå jordbruksareal.

Tiltak: Marknadsføre både statleg tilskotsordning og styrke den kommunale tilskotsordninga.

4.6.5 SMIL, NMSK og RMP

Marknadsføre dei miljøretta ordningane innanfor jord- og skogbruk, og samarbeide med faglaga om utarbeiding av strategiar og prioriteringar som er treffande for Tokke kommune.

4.6.6 Skog

Stimulere til motormanuell hogst, både for å stimulere til uttak av vindfall og lite tilgjengeleg skog, og forhindre store inngrep med hogstmaskiner

Tiltak: innføre tilskotet til motormanuell hogst som ein del av landbruksplanen gjer ordninga føreseieleg for skogeigarane.

4.7 Delmål: auka fokus på framtidsskogen

Robust skog med optimal produksjon og CO₂-opptak, som kan stå imot klimaendringane. Få opp aktiviteten med ungsogpleie. Dette er viktig for å få ein levedyktig skog som er motstandsdyktig mot dei klimaendringane som har kome. Det blir meir ekstremvær i form av store nedbørmengder (snøbrekk) og sterk vind.

Tiltak: Plante rett type tre til rett tid, og rett antal. Stelle skogen med ungskogpleie. Godt stell av skogen gjev betre kvalitet og optimal vekst på framtidsskogen, som igjen bidreg til meir karbonbinding. Staten gjev 40 % tilskot til ungskogpleie og slik har det vore i mange år. Dette synest ikkje vere nok for å få aktiviteten opp på nivået det bør vere. Eit kommunalt tilskot på toppen av det statlege kunne truleg utløyst meir ungskogpleie.

Avverke på rett tidspunkt før skogen blir svekka av alder og rote. Planting og avverkingstidspunkt er spesielt viktig ved grån som treslag. Furu frør seg ofte sjølv, og kan også stå lenger utan at treet blir svekka i så stor grad. Ungskogpleie er like viktig for alle treslag.

Saman med skogeigarlaget vert det halde kurs for nye skogeigarar. Rentemidlar kan nyttast for å finansiere skogdagar.

4.8 Delmål: Utnytting av jakt- og fiskeressursar

Utnytting av ressursar i utmark utgjer ein viktig del av verdiskapinga i fjellandbruket og er viktig tilleggsnæring.

Tiltak: Stimulere til meir aktiv bruk av jakt- og fiskeressursar, anten ved at grunneigarar nyttar dei sjølv eller at ved utleige. Kortreist mat frå lokalt vilt gjev mindre utslepp enn mat som er importert. Grunneigarar som ynskjer å leige ut jakt- og fiskeressursar kan ta kontakt med kommunen for rettleiing og råd.

5. Verkemiddel i landbruksplan

5.1 Evaluering av den førre planen

Landbruksplan for 2016-2019 har vore eit godt og viktig styringsverktøy i dei mange tilskotssakene. Den har utan tvil stimulert til aktivitet og verdiskaping i Tokke-landbruket, og tilskotsordningane har vore treffande. Den årlege vedtekne ramma har vorte oppjustert fleire gonger etter 2016, er låg på kr. 800 000 for 2022. Tilbake i 2020 vart gjort vedtak Landbruk, miljø og teknisk utval si sak 20/18 at det skulle løyvast makssats til alle søkjarar, med vilkår om at utbetalingane skulle fordelast utover år dersom ramma ikkje strakk til. Det har også vore høg politisk vilje til å også auke den økonomiske ramma når søknadsmengda har vore stor.

Landbruksplanen har også vore nyttig i lovsaker som gjeld deling og konsesjon, då den inneheld lokalpolitiske føringar og signal om korleis vi ynskjer at busetting og ressursutnytting på landbrukseigedomane skal vere. Saman med kommuneplanen er den viktig å nytte i saker der det kommunale sjølvstyret skal vektleggast.

5.2 Tilskot etter landbruksplan

Tilskot etter landbruksplanen er eit viktig verkemiddel for å nå dei måla som er sett i planen. Det er høg etterspurnad etter tilskotsmidlane, og det stimulerer tid høg aktivitet og framtidstru på landbruket i kommunen. Tilskot etter landbruksplan skal vere treffande og av ein slik storleik at ein når måla som er sett i plan.

5.2.1 Føremål det kan gjevast tilskot til (ikkje prioritert rekkjefølgje)

Satsingsområde	Tilskotssats
Driftsbygningar: nybygg, oppgradering og ombygging etter offentlege krav, gjeld også solcellepanel på landbruksbygg	20 % av kostnad, inntil kr. 700 000. 30 % for prosjekt opp til kr. 1. mill.
Nydyrking til fulldyrka jord (må ha godkjent plan)	kr. 6000 pr. daa, inntil kr. 250 000
Drenering av jordbruksjord (gjeld lukka drenggrøfter)	kr. 70 pr. lm, avgrensa til kr 2500 pr. da.
Oppgradering av dyrka mark (utover ordinær fornying av eng)	kr. 2500 pr. da.
Elektronisk overvaking og gjerdeteknologi for beitedyr (gjeld ikkje abonnement)	30 % tilskot til kjøp av avgrensa oppover til kr. 900 pr. stk.
Kjøp av mjølkekvote	75 % av statleg pris
Plastpresse for landbruksplast	20 % av kostnad, inntil kr. 8000.
Oppstartstilskot ved etablering med frukt grønt/marknadshage/andelslandbruk m.m.	Kr. 30 000
Tilskot ved generasjonsskifte	Kr. 100 000
Motormanuell hogst	kr. 100 pr. m ³
Ungskogpleie	20 % av kostnad pr. da

5.2.2 Generelle vilkår for tilskot

1. Tilskotsmottakar sitt føretak skal halde til i Tokke
2. Tilskotet skal gå til eit jordbruksføretak som driv aktiv landbruksnæring og til eit tiltak med næringsmessig preg.
3. Søknadar skal vere skriftlege. Kommunen set krav til søknad og dokumentasjon, jf. eige søknadsskjema. Søknadar vert handsama fortløpande, og kan knytast opp mot evt. søknad til Innovasjon Norge.

4. I medhald av delegasjonsreglementet gjev landbruk, miljø og teknisk utval, administrasjonen mynde til å gjere vedtak i kurante saker etter regelverket. Dette gjeld og for andre søknader med løyving under kr 10 000,-.
5. Sakshandsamar skriv vedtak, fastsett arbeidsfrist og vilkår som gjeld for tilskotet.
6. Kommunen kan krevje dokumentasjon av kostnader, og kan krevje synfaring ved sluttgodkjenning
7. Det kan søkjast om utsett arbeidsfrist, men ikkje meir enn totalt fem år. Kommunen kan utan varsel trekke inn løyvingar som ikkje er nytta innan fastsett arbeidsfrist.
8. Tilskot kan delutbetalast, men 25 % skal haldast att til prosjektet er ferdig og det føreligg eit sluttrekneskap.
9. Dersom eit prosjekt utløyser tilskotssum over 100 000 skal søker sende skriftleg aksept for at tilskotsmottakar mottek tilskotet.
10. Tilskotssum vert redusert tilsvarande dersom storleiken på prosjektet vert mindre enn rekna.
11. Krav om drift i minst 5 år etter prosjektet er slutført. Dersom drifta vert avslutta før må tilskotet tilbakebetalast tilsvarande attståande driftsår.

6. Kjelder

[Jordbruksarealet held seg stabilt - SSB](#)

[Hvor mange har jobb på grunn av norsk jordbruk? - Bondebladet](#)

[Microsoft Word - NIBIO RAPPORT 2017 3 59 \(unit.no\)](#)

[Arealbarometer - Tokke \(nibio.no\)](#)

[Produksjonstilskuddstatistikk \(lands-, fylkes- og kommunetall\) \(statistikdata.no\)](#)

[Microsoft Word - NIBIO RAPPORT 2017 3 59 \(unit.no\)](#)

[KommuneProfilen. Statistikk over sysselsetting etter næring i kommuner og regioner - basert på statistikk fra SSB](#)